



LANDBRUKSPLAN FOR GISKE KOMMUNE



FOTO: HARALD M. VALDERHAUG

**Vedtatt i Giske kommunestyre 09.02.10,
k.sak 012/10**

Innholdsliste:

1. INNLEIING	3
2. DET KOMMUNALE ANSVARET PÅ LANDBRUKSOMRÅDET.	3
2.1. Arealforvaltning.....	3
2.2. Forvaltning av statlege drifts- og investeringsverkemiddel	3
2.3. Miljø og forureining.....	4
2.4 Organisering av landbrukstenesta.....	5
3. DEI NATURGITTE FØRESETNADANE FOR LANDBRUK I GISKE.	5
4. UTVIKLINGSTREKK OG NOSITUASJON.	6
5. MÅLSETJINGAR OG UTFORDRINGAR	6
6. HANDLINGSPLAN FOR LANDBRUKET I GISKE	9
6.1. Arealforvaltnig.	9
6.2. Miljøtiltak inkl prioritering av SMIL-midlar.	9
6.3. Verneskog/lebelte	10
6.4. Næringsretta tiltak	10

1. INNLEIING

Landbruksforvaltninga på kommunalt/lokalt nivå vart overført frå staten til kommunane i 1994.

I St.melding nr 46 og St.prop. nr 8/1992-93 "Landbruk i utvikling" var det lagt opp til at det i samband med overføringa skulle utarbeidast kommunevise, tiltaksretta planer for landbruket.

Planane skulle danne grunnlag for miljø og næringsutvikling i landbruket og ein meir målretta verkemiddelbruk.

Landbruksplanen skulle inngå som ein del av kommunen sitt planverk og danne grunnlaget for kommunen sin politikk på landbruksområdet.

Det er tidlegare vedteke at det skulle utarbeidast ein landbrukplan for Giske kommune. Oppstart vart kunngjort i pressa medio september 2008. Giske landbruksnemnd vedtok i møte 04.05.09 i LBN-sak 26/09 å leggje utkast til landbruksplan ut på offentleg høyring i 6 veker.

2. DET KOMMUNALE ANSVARET PÅ LANDBRUKSOMRÅDET.

2.1. Arealforvaltning.

Frå 2004 har kommunane fått mynde til å gjere endeleg vedtak i delings og omdisponeringssaker etter jordlova, tiltak etter skoglova, vedtak etter konsesjonslova og bu og drivepliktssaker etter odels og konsesjonslova.

I samband med utarbeiding av arealplaner og handsaming av reguleringsplaner skal det gjevast ei landbruksfagleg utgreiing.

Fylkeslandbruksstyret er klageorgan i saker etter jordlov, konsesjonslov og bu og drivepliktssaker.

Overføring av mynde har sett auka krav til kvaliteten på den kommunale sakshandsaminga.

2.2. Forvaltning av statlege drifts- og investeringsverkemiddel

Kommunane er tildelt mynde til å gjere enkeltvedtak i forvaltningen av dei direkte driftsretta tilskota i jord til jord og skogbruk. Kommunen gjennomfører m.a. kontroll av areal og husdyr. Kommunen kommuniserer direkte med Statens Landbruksforvaltning. Dei kommunale vedtaka kan påklagast til Møre og Romsdal fylke.

Kommunen er førstelineteneste for Innovasjon Norge i forvaltning av næringsretta tiltak og investeringsverkemiddel i landbruket Kommunen gir ein uttale til søknader, gjennomfører lånetakster, attesterer utbetaling og gir ferdigmeldingar.

2.3. Miljø og forureining

Etter forureiningslova er kommunane tildelt mynde på kontroll av punkturslepp i landbruket (gjødelager, silo), spreing av husdyrgjødsel og bruk av plantevernmiddel.

Det er sett krav til spreieareal for husdyrproduksjonane og bruk av husdyrgjødsel er regulert gjennom "Forskrift om gjødselvarer av organisk opphav".

§22. Spredetidspunkt

Spredning av gjødselvarer av organisk opphav er kun tillatt i perioden 15.februar til 1. november. Det er ikke tillatt å spre gjødselvarer på snødekket eller frossen mark.

Spredning uten nedmolding/nedfelling på eng og annen grøde bør gjøres så tidlig i vekstsesongen at det er mulighet for betydelig gjenvekst som høstes eller beites, og skal gjøres innen 1.september, dersom ikke noe annet er bestemt av kommunen iht. tredje ledd.

Kommunen kan på vilkår av at kommunens klimatiske forhold og vannkvalitet i kommunens vassdrag tillater det, ved forskrift eller enkeltvedtak, tillate en senere frist for spredning uten nedmolding/nedfelling enn 1. september, men ikke senere enn 1. oktober.

Kommunen kan ved forskrift eller enkeltvedtak forby spredning av gjødselvarer som nevnt i 1. ledd i hele eller deler av perioden fra og med 1. september til og med 1. november i områder med alvorlig forurensing eller fare for alvorlig forurensing.

Kommunen kan i særlige tilfelle dispensere frå føresegnene, §31.
Giske kommune har ikkje innført ei eiga føresegn om spreietidspunkt.

Det er sett krav til ein miljøplan som skal omfatte gjødselplan og journal for bruk av plantevernmiddel. Manglande miljøplan medfører trekk i produksjonstilskota. Kommunen gjennomfører kontroll av miljøplan og tildeler autorisasjonsbevis på kjøp av plantevernmiddel.

Landskapet i Giske er sterkt prega av kulturlandskapet. Endringar i kulturlandskapet (gjengroing, nye driftsformer i landbruket) vil påverke landskapsbiletet.

Kommunane får tildelt ei ramme for statlege tilskot til særskilde tiltak i kulturlandskapet (SMIL) og innvilger tilskot etter søknad. Som grunnlag for bruk av midlane skal det utarbeidast kommunale strategiplaner. Kommunen må ta stilling til

kva prioritet dei ulike områda og arealtypene skal ha ved tildeling av midlar til skjødselstiltak, og om midlar skal nyttast til forureiningstiltak eller kulturminnevern.

Det vart gjennomført eit storstilt leplanteprogram i kommunal regi på 60-talet. I lebelta står det no høg skog og kommunen må ta stilling til om det i kommunal regi skal gjennomførast ei regulering i disponering av desse areala. Etter skoglova kan det gjerast vedtak om kommunevise føresegner for vernskog. Føresegnene skal forvaltast av kommunen.

2.4 Organisering av landbrukstenesta

Giske kommune har inngått avtale med Haram kommune om innkjøp av landbrukstenester frå Haram. Denne avtalen vart sett i verk 01.01.08 med ei prøveperiode på 2 år.

Giske kommune har også inngått avtale med Stranda kommune om administrasjon av vaktordninga for veterinærtenesta. Denne tenesta dekkjer også kommunane Ålesund, Sula, Sykkylven. Ansvar for dekning av veterinærtenesta er overført til kommunenivået ved den einkilde kommunen. Tenesta vert finansiert gjennom statleg vakttilskot og eigenandel frå brukarane.

3. DEI NATURGITTE FØRESETNADANE FOR LANDBRUK I GISKE.

Giske kommune har eit landskap som er prega av breie strandflater og store lausmasseavsetningar. Dette er grunnlaget for eit jordbruk som frå tidlege tider har fødd ei relativ stor befolkning. Eit intensivt husdyrhald har skapt eit skoglaust landskap.

Giske har dei klimatiske føresetnadane for eit husdyrhald med eit stort innslag av beite (lang beitesesong)

Jordbruksarealet på 10300 da utgjer ein relativt stor del av kommunen sitt totalareal. Jordbruksarealet er like stort som arealet i Ørskog og Skodje til saman og 50% av arealet i Haram kommune

På Godøya og Vigra er det relativt store areal med god dyrkingsjord.

Giske er ein middels stor jordbrukskommune i Møre og Romsdal.

Giske har den største befolkningskonsentrasjonen i Møre og Romsdal som nærområde.

Dei gode klimatiske og jordbruksmessige tilhøva gir grunnlag for omsetjing av eit vidt spekter av jordbruksprodukter, utvikling av tilbod innan reiseliv, fritidsaktivitetar og utvikling av omsorgstilbod (Inn på tunet).

4. UTVIKLINGSTREKK OG NOSITUASJON.

Jordbruket har vore dreve som kombinasjon til fiske. Ein familie kunne eksistert med relativt små jordbruksareal. Dette har ført til ein sterk oppdeling av jordbruksareala (overlevingsjordbruket)

Giske har vidare hatt ein relativt stor hagebruksproduksjon og svinehald. Desse produksjonane har etter kvart vorte avvikla (Ei nystarta slaktegrisbesetning). Jordbruksproduksjonen vert no dominert av mjølkeproduksjon og kjøtproduksjon på storfe.

Strukturendringane i jordbruket på 60 og 70-talet skapte grunnlag for utvikling av mjølkeproduksjon som hovedyrke på ein del bruk. Grunnlaget for utvikling av jordbruk som hovedyrka var nydyrking og leige av jordbruksareala på bruk som la ned drifta.

Dei økonomiske rammevilkåra for jordbruket vart forverra gjennom 90-talet. For å oppretthalde inntektsgrunnlaget måtte produksjonsvolumet aukast.

Frå 1995 er talet på gardsbruk i drift mesta halvert, frå 84 til 46. Mjølkeproduksjonen har hatt ein svak nedgang i volum frå 2,3 mill liter til 2,2 mill liter. Gjennomsnittstalet på mjølkekyr pr føretak har auka 11,7 til 21,0.

Gjennomsnittleg jordbruksareal er no 225 da. Dette har medført ei sterk auke i andel leigejord.

Omsetnadsverdien av jordbruksproduksjonen er 25 mill kroner og det er 51 årsverk direkte knyta til jordbruket.

Sjølv om mjølkeproduksjonen er den dominerande driftsforma, aukar talet på ammekyr og sau og det er etablert ei større slaktegrisbesetning.

Jordbruket har utvikla seg ulikt i kommunen. På Godøya har det vore ei omfattande fornying av driftsapparatet, medan det er eit stort fornyingsbehov i resten av kommunen.

Jordbruket i Giske har eit stort fornyingsvbehov på bygningssida.

5. MÅLSETJINGAR OG UTFORDRINGAR

Det er ikkje grunnlag for økonomisk skogproduksjon i Giske. Skogen må sjåast på som ein mijøfaktor og som ein ressurs for eige brensel og virke.

Utviklinga innan jordbruket går i to retningar, det vanlege jordbruket der det vert sett stendig større krav til volum og rasjonell produksjon og småskalalandbruket der det vert lagt vekt på opplevingar og garden som ramme rundt anna aktivitet (reiseliv, Inn på tunet, gardsmat).

I Giske er det grunnlag for å utvikle begge elementa.

Kommunen har ein relativt tett folkesetnad og nærleik til ein stor marknad. Dette er eit viktig grunnlag for utvikling av småskalalandbruk og tilleggsaktivitetar.

Jordressursane gir vidare grunnlag for utvikling av eit rasjonelt og framtidsretta jordbruk dersom arealressursane vert teke vare på.

Utfordringane for jordbruket er :

-dårleg rekruttering.

Dette har truleg samband med lett tilgang på godt betalt arbeid og at jordbruket i kommunen ikkje framstår som framtidsretta for ungdommen.

-stor andel leigejord.

Strukturendringane har medført større areal pr driftseining. Dette medfører ein auka i andel av leigejord og problem med å sikre eit driftsgrunnlag for naudsynte investeringar.

Det er vanskeleg å oppnå langsiktige leigeavtaler og kjøpe jordbruksareal til rekningsvarlege prisar.

Gjennom plan og bygningslova og jordlova skal kommunen styre arealbruken og sikre areal til jordbruksproduksjon. Vidare har ein mynde etter konsesjonslova til å regulere prisen på landbrukseigedomar i fri handel.

-infiltrasjon av bustader og næringsareal.

Jordbruksproduksjon medfører lukt å støy og at beitedyr kan kome på avvegar. Di meir urbaniser/tettfolka eit område er di vanskelegare vil bonden oppleve situasjonen.

Større volum i produksjonen medfører behov for oppføring av relative store driftsbygningar.

I slaktegrisproduksjonen er det no vanleg at det vert oppført driftsbygningar som har ein kapasitet på 2100 slaktegris pr år og nye driftsbygningar til mjølkeproduksjonen har ein kapasitet på 40-70 kyr.

Ein for stor infiltrasjon av bustad og næringsbygg i jordbruksområder kan medføre problem med oppføring av naudsynte driftsbygningar.

-bu og driveplikt

Ved overtaking av heimel til ein bebygd landbrukseigedom på meire enn 25 da fulldyrka eller overflatedyrka jord har eigaren buplikt i fem år . Bulikta gjeld både ved kjøp i fri handel og ved overdraging innan slekt/odel og følger av konsesjonslova.

Etter jordlova er det i utgangspunktet vzrig driveplikt på alle jordbrukseigedomar. Dersom eigaren ikkje driv jorda for eiga rekning, må areala leigast på skriftleg avtale på minst 10 år.

Det er kommunen som er tillagt oppfølgjinga av bu og driveplikt. Brot på buplikta kan medføre tap av odal og pålegg om avhending av eigedomen. Brot på driveplikta kan medføre bøter.

Bu og driveplikta var tidlegare heimla i odelslov og konsesjonslov. Frå 01.07.2009 er grensene for odlingsjord og buplikt heva frå 20 til 25 da.

Buplikta skal medverke til m.a . å sikre busetjinga på bygdene. Driveplikta skal m.a. medverke til at driftsgrunnlaget for bruk med ein stor del leigejord vert sikra.

-gjengroing

I Giske kommune har det vore dreve eit intensivt beitebruk. Ved innføring av nye produksjonsmåtar i storfehaldet på 60-talet avtak beitinga. Relativt store areal tidlegare beitemark har stått uinytta eller har vore svakt nytta i fleire tiår og er i ferd med å grå att. Områda som er verna etter naturvernlova er stort sett tidlegare beitemark der noko av grunnlaget for verning kan falle bort ved gjengroing.

Gjengroing av desse areala vil dessutan ha ein negativ innverknad på landskapet og representere eit produksjonstap for jordbruket.

Kommunen kan arbeide aktivt med organisering av beitetiltak og prioritere desse tiltaka ved bruk av SMIL-midlar.

6. HANDLINGSPLAN FOR LANDBRUKET I GISKE

Handlingsplanen vert delt inn i tre bolkar - arealforvaltning, næringsretta tiltak og tiltak på miljøområdet.

6.1. Arealforvaltning.

Gjennom forvaltning av plan og bygningslova, jordlova og konsesjonslova skal Giske kommune legge til rette for utvikling av jordsbruket.

Dei mest verdfulle jordbruksareala skal takast vare på og ein skal i størst mogleg grad hindre ei for sterk infiltrering av bustad og næringsbygg i jordbruksareal.

Bu og driveplikta skal medverke til at landbrukseigedomar vert busette og vert eigd av personar som bur på bruket og å sikre driftsgrunnlaget for det næringsretta jordbruket i kommunen.

6.2. Miljøtiltak inkl prioritering av SMIL-midlar.

STRATEGIPLAN FOR SMIL-MIDLAR I GISKE KOMMUNE.

Formålet med tilskot til spesielle tiltak i landbruket sitt kulturlandskap (SMIL) er å fremme natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket, utover det ein kan forvente gjennom vanleg jordbruksdrift.

Tilskot kan innvilgast til foretak eller eigar som driv og/eller eig ein landbrukseigendom, eller har fått tillatelse frå eigar og er registrert i einheitsregisteret. Søkjarar som fyller krava til å søkje produksjonstilskot, og fellessøknadar der ein el fleire søkjer produksjonstilskot, skal prioriterast før andre søkjarar.

Gjengroing av tidlegare beitemark vil forringe kulturlandskapet og medføre tap av biologisk mangfald. Arbeidet med organisering og igangsetjing av beitetiltak skal ha høg prioritet med omsyn til bruk av arbeidstid og SMIL-midlar.

Prioritering av SMIL-midlar:

1. Tilskot til tiltak som fremmar skjøtsel i verneområde, spesielle kulturlandskapsområde og biologisk viktige område i kommunen.
Tilskotsats; maks 70% av godkjent kostnadsoverslag.
2. Tilskot som fremmar beitetiltak i kommunen.
Tilskotsats; maks 50% av godkjent kostnadsoverslag.
3. Tilskot som fremjar ålmentas tilgang til naturen. Herunder omlegging av stiar utanom landbruksområde.
Tilskotsats; maks 50% av godkjent kostnadsoverslag.

4. Freda kulturminne og freda og verneverdige bygningar.
Tilskotsats; maks 35% av godkjent kostnadsoverslag.
5. Hydrotekniske tiltak.
Tilskotsats; maks 35% av godkjent kostnadsoverslag.
6. Andre tiltak. Herunder planleggings og tilretteleggingstiltak, og tiltak til organisert beitebruk.
Tilskotsats; maks 50 % av godkjent kostnadsoverslag.

6.3. Verneskog/lebelte

Giske kommune vil gjennomføre ei vurdering av verdien av lebelta. Det vert innført plikt til å søkje kommunal godkjenning av avvirking utover brensel til eige bruk gjennom føresegner om verneskog i skogbrukslova. Dei lebelta som vert vurdert som viktig for busetning og jordbruket vil det ikkje bli gjeve løyve til felling av. Prioriteringa av lebelta skal leggjast ut på høyring og leggjast fram for kommunestyret til avgjerd.

Oppstart av arbeidet skal avvente til Møre og Romsdal fylke har vedteke utarbeiding av framlegg til føresegner om verneskog i skogbrukslova.

6.4. Næringsretta tiltak

I Giske kommune er det grunnlag for utvikling av eit framtidretta og volumbasert jordbruk.

Kommunen skal ha kapasitet og kompetanse til å utføre dei forvaltningsoppgåvene som kommunen er pålagt i forvaltning av dei statlege investeringsverkemiddela og å vere ein aktiv medspelar i utvikling av det produksjonsretta jordbruket.

Kommunen skal vidare arbeide aktivt for å legge til rette for utnytting av beiteareal og sams tiltak innan beiting.

Landbruket i Giske har eit stort potensial innan reiseliv, fritidsaktivitetar og omsorgstenester (Inn på tunet).

Giske kommune skal ta kontakt med den lokale reiselivsorganisasjonen, aktørar innan fritidstilbod (hest) og brukarar av omsorgstenester i Giske og nabokommunane for å arbeide fram konkrete prosjekt eller opprette kontakt mellom bønder og brukargrupper